



Hordaland Fylkeskommune v/Anne-Kathrine Vabø

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
13/463-81 19448/14	ORD	HER	000		25.08.2014


UTTALE VOSS KOMMUNE TIL "REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND"

Voss kommune finn den nye planen for senter i Hordaland som god og gjennomarbeidd. Som regionsenter ønskjer Voss å peike på at det er viktig at ein framover bygger opp om dei regionsentra ein har i fylket. Det vil krevja prioriteringar, særleg knytta til infrastruktur. Ein plan for infratraktur, slik som denne, legg opp til korte avstandar i dei ulike sentra, men også å korte ned avstandane mellom sentra. Det er god og framtidsretta politikk.

På Voss opplever Vossevangen utfordringar knytta til nye etableringar i randsonen til sentrum eller utanfor sentrum. Voss kommune støttar framlegget om at detaljhandel skal i hovudsak i senter og innanfor sentrumsområdet. Dette er eit viktig grep for å halde opp den senterstrukturen me allereie har.

Ei særleg utfordring framover er sentrumsutvikling. I landet generelt og i Hordland møter mange kommunar dei same utfordringane knytta til etablerte sentrum og konkurranse ~~til~~ nye etableringar eller frå internetthandel. Voss kommune har god erfaring med eit eige kontaktutval mellom kommune og næringslivet, og støttar eit liknande tiltak frå fylke si side. For å støtta opp om næringslivet og sentrumsutviklingar og for å gå til kjernen av problemet kunne Hordaland fylke utvida sitt engasjement og tatt initiativ til ein årleg konferanse om sentrumsutvikling og næringsutvikling i heile fylke. Det er etter vårt syn store overføringsverdiar gjennom å samla kommunar og næringsliv til ein slik konferanse.

Med helsing


Hans Erik Ringkjøb
ordfører